

Hordaland Mållag
Kong Oscars gate 15
5017 Bergen
hordaland@maallag.no

Samferdsledepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 Oslo
post@sprakradet.no

Bergen, 25. juni 2018

Kva er rutinane i Samferdsledepartementet for å fylgja målbruksreglane i korrespondansen og saksdokumenta som gjeld nynorskkommunane?

Hordaland Mållag viser til brevet «Klage: Samferdsledepartementet bryt lov om målbruk i offentleg teneste med brev på bokmål til kommunar i Bergens-området», som me sende dykk 13. juni 2018.

Vidare viser me til svarbrevet «Målbruk - spørsmål og søknad om innsyn» frå Samferdsledepartementet, dagsett 20. juni 2018 med referansen 15/1185-17. Svarbrevet er stila til Hordaland Mållag og sendt til Språkrådet i kopi. Me sender det vidare i e-posten med dette brevet.

Språkrådet har ikkje svart enno, etter det me har sett.

Kommentar og spørsmål til Samferdsledepartementet

Samferdsledepartementet opplyser ikkje i svarbrevet sitt korleis departementet sikrar at all korrespondanse og alle saksdokument frå departementet kjem på nynorsk når saka handlar om éin nynorskkommune eller eit fleirtal av nynorskkommunar. Det er særleg dét brevet vårt frå 13. juni handlar om; i dette tilfellet visse kommunar i Bergens-området.

Til svarbrevet sitt har Samferdsledepartementet lagt ved dokumentet «Rutine for målbruk». Der står det ikkje noko om korleis departementet tryggjer rettane som nynorskkommunane har etter mållova.

Korleis tryggjer Samferdsledepartementet heretter dei rettane som nynorskkommunane har etter mållova? Spørsmålet gjeld òg rettane åt andre nynorskbrukande offentlege organ, til dømes lokale og regionale statsorgan med nynorsk som tenestemål.

Korleis kan dette takast inn i målbruksrutinane dykkar?

Spørsmål til Språkrådet

Korleis vurderer Språkrådet svarbrevet frå Samferdsledepartementet og dokumentet «Rutine for målbruk»?

Kva bør Samferdsledepartementet eventuelt gjera betre for å oppfylle pliktene sine i den generelle målbruken, og for å oppfylle målbruksrettane åt nynorskkommunane og andre nynorskbrukande offentlege organ?

Kva syner dei siste målbruksrapportane frå Samferdsledepartementet til Språkrådet, til dømes for åra 2015, 2016 og 2017? Er den rapporterte målbruken frå departementet i tråd med målbruksreglane?

Med helsing

Live Havro Bjørnstad,
prosjektmedarbeidar i Hordaland Mållag

Kopi: Askøy kommune, Bergen kommune, Fjell kommune, Hordaland fylkeskommune, Landssamanslutninga av nynorskkommunar, Lindås kommune, Noregs Mållag og Os kommune i Hordaland